



Styret i Uskedal Vassverk 2019: Framme f.v: Terje Myklebust (forretningsfører), Hans Reidar Kjærland (styreleiar) og Klara Bakke. Bak f.v: Bjarne Lilleaas, Svein Rimestad, Svein Ove Bråtun og Roy Arne Jensen

Uskedal Vassverk driv godt. Økonomien er god og styret har klare mål for arbeidet i åra framover. Etter årsmøte held Hans Reidar Kjærland fram som styreleiar. Med seg i styret har han: Klara Bakke, Bjarne Lilleaas, Svein Rimestad, Svein Ove Bråtun og Roy Arne Jensen (ny). Terje Myklebust er forretningsfører og dagleg leiar.

I ei velskriven årsmelding les vi at styret har i 2018 hatt fire styremøte og handsama 28 saker. Vassverket har ved årsskifte 485 luteigarar. Selskapet produserte 260 000 kubikk med råvatn frå Eikeelva. 75 % går til luteigarane. 25 % vert rekna som lekkasje på leidningsnettet.

Økonomien er god. Overskot på drifta i 2018 var på kr. 800.402,- Laget har ikkje langsiktig gjeld. Vassavgifta vart auka i 2018 slik Kvinnherad kommune krev for å kunna stilla garanti for lån. Etter siste årsmøte vert vassavgifta justert ved overgang til ulike avgiftsgrupper. **Meir om dette kjem i eiga melding frå styret.**

Planlagde investeringar i åra framover er:

- Ny vassleidning frå høgdebasseng på Eik og ned til Fylkesveg 48
- Nytt inntak på Eik
- Mogeleg nytt vassinntak frå borehol i Tverrelva.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal